

Til elevar og føresette

Tid for vaksinasjon mot meslingar, kusma og raude hundar (MMR-vaksine)

I det nasjonale barnevaksinasjonsprogrammet får elevar i 6. klasse (11–12 år) tilbod om ein oppfriskingsdose av vaksine mot virussjukdomane meslingar, kusma og raude hundar (MMR-vaksine). Første dose blir vanlegvis gitt når barnet er 15 månader. For å sikre godt vern på lang sikt gir ein no tilbod om oppfriskingsdose.

Om sjukdomane

Meslinger er den alvorlegaste og mest smittsame av barnesjukdomane. Sjukdomen begynner med forkjølingssymptom og høg feber, etterfølgd av utslett. Meslingar fører ofte med seg komplikasjonar som lungebetennelse, bronkitt og mellomøyrebetennelse. Alvorlege følgjer som hjernebetennelse (encefalitt), varig hjerneskade og dødsfall ser vi blant uvaksinerte også i vår del av verda.

Kusma gir feber og heving i øyrespyttkjertlane. Den vanlegaste komplikasjonen er kusmahjernehinnebetennelse (meningitt), som oftast går over utan varige skadar. Ein meir alvorleg komplikasjon er varig dövheit. Dersom gutar får kusma etter puberteten, kan viruset gå til åtak på testiklane og føre til nedsett fruktbarheit.

Røde hundar er ein mild sjukdom med feber og utslett. Dersom ei gravid kvinne som ikkje er immun, blir smitta med raude hundar, kan sjukdomen føre til alvorlege skadar hos fosteret. Risikoen for misdanningar er på over 80 % ved sjukdom i første del av svangerskapet. Ved å vaksinere barn hindrar ein smitte til gravide.

Om vaksinen

Vaksinen som blir brukt, heiter Priorix og består av levande, svekte virus. Kortvarige smerter, raud hud og heving på stikkstaden oppstår etter vaksinasjon. Ei til to veker etter vaksinasjonen kan nokre barn få lette symptom på dei sjukdomane vaksinen vernar mot, men dette er uvanleg hos dei som har fått ein dose tidlegare. Vanlegast er feber og utslett. Meir informasjon om innhaldsstoff og eventuelle biverknader etter Priorix finst på nettsidene til Statens legemiddelverk: www.legemiddelverket.no

Hugs å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed dersom barnet har allergi eller andre helseproblem. Det er ikkje skadeleg å få vaksinen sjølv om barnet har hatt ein eller fleire av sjukdomane.

Meir informasjon finst på nettsida www.fhi.no/om-bvp

Vaksinasjonen er planlagd: Dato: _____ Kl: _____ Stad: _____

Helsesjukepleiar: _____ Telefonnummer: _____

Riv her _____

Elevers navn : _____ Fødselsdato: _____ Klasse: _____

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt:

☐ skal vaksinerast mot meslingar, kusma og raude hundar

☐ ikkje skal vaksinerast mot meslingar, kusma og raude hundar

Føresettes underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Informasjon til helsesjukepleiar: